



- Til gjennomsyn og retur
- Til orientering
- Til uttalelse/behandling
- Til godkjenning
- Til underskrift *Retur*
- Til Dem som rette vedk.
- Til arkivering
- Vennligst ring underskrevne
- Ifølge avtale
- Med takk for lånet
- Kan beholdes
- Bes videresendt til

Til

Rady kommunev/ Johan Sandal

Uten følgeskriv sendes vedlagt:

*Overender ikke signert  
av kommunal direktør  
i Byrådsavt for social,  
belig og inkludering.*

*Bet om at mottaker signeres  
av Rady kommune og  
at 1 eksemplar returneres*

31.05.16

Dato

Jens R. Halvorsen

Sign.

*Retur ifølge avtale ~~J. Sandal~~*

	Avtale om vertskommunesamarbeid	Side 1
Eigar av avtale som vert for samarbeid Jarle Landås Rådmann Sign.	Bergen Kommune 	Dato: <b>29.10.2015</b>
		Endra dato:



**AVTALE**  
**OM VERTSKOMMUNESAMARBEID**  
**TILBOD VED**  
**RADØY INTERKOMMUNALE BUSENTER**

		<b>Avtale om vertskommunesamarbeid</b>	<b>Side 2</b>
Eigar av avtale som vert for samarbeid Jarle Landås Rådmann Sign.	Bergen Kommune	Dato: <b>29.10.2015</b>	Endra dato:

## Innhold

1. Radøy interkommunale Busenter (RiB) .....	3
2. Rettsleg grunnlag .....	3
3. Kommunar som deltar i det administrative vertskommunesamarbeidet.....	3
4. Oppgåver og avgjerdsmynne lagt til vertskommunen .....	3
5. Tidspunkt for overføring av oppgåver og avgjerdsmynne.....	4
6. Økonomisk oppgjør mellom samarbeidskommunane og vertskommunen .....	4
7. Avvikling av samarbeid .....	4
8. Misleghald av avtalen.....	5
9. Vidare samarbeid.....	5
10. Tvist .....	5
Vedlegg 1 – Inntak av pasientar/samhandlingsprosess vurdering nye bebuarar ved RiB.....	6
Vedlegg 2 – Organisering av samarbeidet.....	7
Vedlegg 3 - Informasjon og rapportering .....	8
Vedlegg 4 - Framleige eller vidareformidling av plass.....	9
Vedlegg 5 – Kontaktpersonar i kommunane.....	10

	Avtale om vertskommunesamarbeid	Side 3
Eigar av avtale som vert for samarbeid Jarle Landås Rådmann Sign.	Bergen Kommune	Dato: <b>29.10.2015</b>
		Endra dato:

## 1. Radøy interkommunale Busenter (RiB)

Busenteret vart etablert 01.10.2008, og ligg på Manger. Tilbodet kan ha opptil 9 plassar. Målgruppa er pasientar innan psykisk helsevern, som har langvarig behov for heildøgns omsorg og pleie, og som kan nyttiggjere seg tilbodet ved RiB. Pasientgruppa har ei alvorleg langvarig psykisk sinnsliding. Omsynet til eksisterande pasientgruppe (bipolare, scizofrene oa. psykoselidelser) skal vurderast ved nye inntak.

## 2. Rettsleg grunnlag

Avtalen er regulert av Kommunelova § 28-1 b, administrativt vertskommunesamarbeid. Foreit vertskommunesamarbeid skal det oppretta ein skriftlig samarbeidsavtale. Avtalen er ei vidareføring av tidlegare avtale, vedtatt av kommunestyra i samarbeidskommunane.

Vertskommunen Radøy organiserer Radøy interkommunale busenter (RiB), som yter heildøgns helse- og omsorgstenester etter lov om kommunale helse- og omsorgstenester. Samarbeidet gjeld tilbod om opphold ved busenteret.

Avtalen forutset at RiB vert vidareført som institusjon etter helse- og omsorgslovgjevinga.

Deltakarkommunane har økonomisk ansvar for helse- og omsorgstenester når det gjeld pasientar som vel å busetje seg i vertskommunen etter utskrivning frå RiB.

Det er utarbeidd ei meir detaljert oversikt over korleis samarbeidet mellom vertskommune og deltakarkommunane skal fungere (*sjá vedlegg*). Endringar i vedlegga skal avtalast administrativt.

Ny avtale gjeld frå 01.01.2016, og er løpende.

## 3. Kommunar som deltar i det administrative vertskommunesamarbeidet

Vik kommune	1 plass
Bergen kommune	1 plass
Radøy kommune (vertskommune)	4 plassar
Ledig	3 plassar

Utviding av deltakarkommunar (begrensa til dei tre ledige plassane) kan administrativt avtalast av eksisterande deltakarkommunar.

Vertskommunen kan leige ut ledige plassar til andre kommunar enn deltakarkommunane.

## 4. Opgåver og avgjerdsmynde lagt til vertskommunen

Vertskommunen Radøy tilbyr heildøgns helse- og omsorgstenester ved Radøy interkommunale busenter. Radøy kommune har ansvar for dagleg drift ved senteret. Vertskommunen er ansvarleg for at tenesteutøvinga skjer i samsvar med gjeldande lover.

		<b>Avtale om vertskommunesamarbeid</b>	<b>Side 4</b>
	<b>Eigar av avtale som vert for samarbeid Jarle Landås Rådmann Sign.</b>	<b>Bergen Kommune</b>	<b>Dato: 29.10.2015</b>
			<b>Endra dato:</b>

Kommunen har oppretta ei særskilt inntaksnemnd for busenteret. Denne skal sikre at inntak av beburarskjer i samsvar med dei kriterier som deltakarkommunane er einige om skal vere gjeldande. Saksgang vedkomande inntak er beskrive i *Vedlegg 1*.

Samarbeidskommunen skal fatte vedtak om opphold i busenteret.

## 5. Tidspunkt for overføring av oppgåver og avgjerdsmynne

Avtalen gjeld frå dd.mm.2015.

## 6. Økonomisk oppgjør mellom samarbeidskommunane og vertskommunen

- a) Radøy kommune vedtek budsjett for tenesta. Framlegg til budsjett blir sendt deltakarkommunane innan 1.oktober. Kopi av vedteke budsjett blir sendt deltakarkommunane etter vedtak i kommunestyret.
- b) Kommunane blir fakturert kvartalsvis etter vedteke budsjett
- c) Fordeling av kostnader blir gjort høvesvis mellom deltakarane i samarbeidet etter antal plassar (sjå punkt 3). Dersom ein av deltakarkommunane i periodar ikkje har aktuelle pasientar fort tilbodet, har denne likevel økonomisk ansvar for sin plass. Deltakarkommunen kan gjere sin ledige plass tilgjengeleg for annan kommune. Inntaksprosedyre må følgjast.
- d) Inntekter og utgifter frå utelege av plassar til andre enn deltakarkommunane går inn i grunnlaget for fordelinga.
- e) Dersom det må setjast inn tiltak for einskildpasientar som ikkje blir dekkja gjennom ordinær drift, skal dette dekkast av den kommunen som har ansvar for pasienten. Heimkommunen skal orienterast om tiltaket så snart som mogeleg.
- f) Det økonomiske oppgjaret blir sett opp med grunnlag i årsrekneskapen. Avrekning for rekeskapsåret skal gjerast innan 20.januar. Til grunn for avrekning ligg alle driftskostnader for tenesta, med frådrag for momskompensasjon, sjukelønsrefusjon og eventuelle inntekter for utelege plassar. I tillegg skal det avrekna 2,5% administrativt påslag rekna av løn og sosiale kostnader.
- g) Radøy kommune utarbeider tertialrapportar i tillegg til årsrekneskap.
- h) Vertskommune har mynde til å gi pristilbod for utelegeplassar til andre kommunar.
- i) Vederlagsbetaling for opphold og refusjon av ressurskrevjande tenester skal den einskilde deltakarkommune sjølv krevje inn for sine pasientar. Det skal gå fram av avrekningsgrunnlaget kva kostnader som inngår i krav om refusjon for ressurskrevjande tenester.

## 7. Avvikling av samarbeid

- a) dersom partane er einige om avvikling av vertskommunesamarbeidet, kan samarbeidet løysast opp etter nærrare avtale.
- b) dersom ein av deltakarkommunane ønskjer å seia opp samarbeidsavtalen, vil oppseiingstid vere min. 12 mnd, eller etter nærrare avtale.

	Avtale om vertskommunesamarbeid	Side 5
	Eigar av avtale som vert for samarbeid Jarle Landås Rådmann Sign.	Bergen Kommune
		Dato: <b>29.10.2015</b>

## 8. Misleghald av avtalen

Det er påkrevd at den av partane som meiner avtalen er vesentleg misleghalde, skriftleg skal gjere greie for dette, kva som blir krevd retta, og gi rimeleg frist for at tilhøve kan rettast. Oppseiingstid ved vesentleg misleghald som ikkje er retta er 3 mnd.

## 9. Vidare samarbeid

Samarbeidskommunane skal møtast minimum ein gong i året.

## 10. Tvist

Partane skal ved tvist saman avklare prosess for å løyse eventuell tvist.

Vedlegg: **Vedlegg til avtale om vertskommunesamarbeid om tenester frå Radøy interkommunale Busenter (RiB) gjeldande frå dato avtale er godkjend av samarbeidspart.**

	<b>Avtale om vertskommunesamarbeid</b>	<b>Side 6</b>
<b>Eigar av avtale som vert for samarbeid Jarle Landås Rådmann Sign.</b>	<b>Bergen Kommune</b>	<b>Dato: 29.10.2015</b>
		<b>Endra dato:</b>

## Vedlegg 1 – Inntak av pasientar/samhandlingsprosess vurdering nye bebruarar ved RiB

### **Trinn 1 – Vedkomanden ny bebruar**

- Søknad/forespørsel blir utarbeidd av deltakarkommunen, p.t. Bergen, Radøy, Osterøy og Vik.
- Søknad/foespørrel blir sendt til leiar Radøy interkommunale Busenter (RiB), Radøyvegen 1625 a, 5936 Manger.

### **Trinn 2 - Gjensidig kartlegging av bebruar opp mot butilbod**

- Leiar ved RiB og ein miljøterapeut reiser til deltakarkommunen og møter søkjarsaman med personal frå deltakarkommune. Hensikt med møtet er gjensidig informasjonsutveksling. Leiar og miljøterapeut informerer om tilbodet ved RIB. Innsøkt brukar får moglegheit til sjølv å fortelje om seg sjølv
- Leiar ved RiB/tilsynslege hentar inn eventuell tilleggsinformasjon etter møtet.
- Tilsynslege sin rolle/vurdering
- Søkjarsøker RIB saman med personale frå deltakarkommunen.
- Søkjarsøker kan få tilbod om å prøve ut butilbod i inntil 3 mnd/etter avtale om utprøving.
- Heimkommune brukar prøveperiode til å fatte vedtak og søkje inn bebruar for fast plass. Eventuelle ekstrakostnader i prøveperiode blir tillagt søkjarkommune.
- VOP Knarvik/Bergen mm og eller andre faginstansar som kjenner brukar blir involvert i buutprøvingsfasen og gir råd til kommunane. Kommunane blir her einige om VOP/faginstans i vidare involvering ift inntak.

### **Trinn 3 - Inntaksprosedyre**

- Søknad behandlast i inntaksnemnd
  - Kommuneoverlege og leiar RiB har ansvar for å innhente dokumentasjon om bebruar, evt vurderinger frå tilsynslege og spesialisthelsetenesta innan psykisk helsevern.
  - Søkjarkommune har ansvar for å framlegge relevant informasjon/beslutningsgrunnlag.
- Inntaksnemnd består av;
  - Kommuneoverlege (leiar)
  - Leiar Rib
  - Søkjarkommune med inntil 2 personar
  - Radøy stiller med sekretær for inntaksnemnd
- Kommunalsjef/rådmann vertskommune har møterett.
- Ved stemmelikhet vil sak bli løfta til kommunalsjef/rådmann.

		<b>Avtale om vertskommunesamarbeid</b>	<b>Side 7</b>
Eigar av avtale som vert for samarbeid <b>Jarle Landås</b> <b>Rådmann</b> Sign.	Bergen Kommune	Dato: <b>29.10.2015</b>	
		Endra dato:	

## Vedlegg 2 – Organisering av samarbeidet

### Fagråd

Fagrådet for RiB skal ha ein representant frå kvar deltakarkommune, i tillegg til medlemmene fra inntaksnemnda.

Dagleg leiari av RiB har ansvar for å kalle inn fagrådet, og følgje opp tilrådingane frå fagrådet.

Fagrådet skal møtast minst ein gong i halvåret. Fagrådet er mellom anna rådgjevande organ for utforming og praktisk vidare utvikling av inntaksriterier, etter dei føringane om pasientgruppa som er gjort i samarbeidsavtalen. Fagrådet blir leia av kommuneoverlegen i vertskommunen.

Kommunalsjef helse og omsorg i vertskommunen skal av leiari for RiB informerast om tilrådingane frå fagrådet.

### Spesialisthelsetenesta

Forholdet til spesialisthelsetenesta må avklarast nærmere. VOP Knarvik er ein viktig aktør i drifta ved RiB og ei fagleg støtte ved behov. VOP og spesialisthelsetenesta sin status bør avklarast og diskuterast i samråd med deltakarkommunane. Denne rolle skal beskrivast nærmere i eiga vedlegg.

		<b>Avtale om vertskommunesamarbeid</b>	<b>Side 8</b>
<b>Eigar av avtale som vert for samarbeid Jarle Landås Rådmann Sign.</b>	<b>Bergen Kommune</b>		<b>Dato:</b> <b>29.10.2015</b>
			<b>Endra dato:</b>

### **Vedlegg 3 - Informasjon og rapportering**

Leiarfor RiB sender informasjon til oppgitt kontaktperson i deltakarkommune (evt kommune som leigar plass). Kontaktpersonen har ansvar for å vidareformidle informasjonen i sin kommune ved behov.

Kommunane vil ha ulike behov for rapportering frå RiB vedkomande sine pasientar. Omfang av rapportering blir avtalt mellom leiarfor RiB og den enkelte kommune sin kontaktperson. Normalt vil det rapporterast kvart halvår. Anna kan avtalast med heimkommune.

		<b>Avtale om vertskommunesamarbeid</b>	<b>Side 9</b>
	<b>Eigar av avtale som vert for samarbeid Jarle Landås Rådmann Sign.</b>	<b>Bergen Kommune</b>	<b>Dato:</b> <b>29.10.2015</b>
			<b>Endra dato:</b>

#### **Vedlegg 4 - Framleige eller vidareformidling av plass**

- a) Framleige: deltokarkommunane har krav på å få vurdert sin plass for pasientar frå eigen kommune. Dersom det ikkje er pasientar frå eigen kommune som fyller kriteriet for innlegging i institusjonen, kan ledig plass framleigast til ein annan deltokarkommune, ellertil ein ny kommune, etter nærmare avtale. Dersom ein deltokarkommune ikkje belegg sin plass, er det aktuell deltokarkommune som er økonomisk ansvarleg for denne plassen.
- b) Ikkje deltokarkommune som leigar plass, kan stille med representant til fagråd, men har ikkje stemmerett.

	Avtale om vertskommunesamarbeid	Side 10
Eigar av avtale som vert for samarbeid <b>Jarle Landås</b> Rådmann Sign.	Bergen Kommune	Dato: <b>29.10.2015</b>
		Endra dato:

## Vedlegg 5 – Kontaktpersonar i kommunane

Vedlegg 5 blir oppdatert fortløpende ved endring av kontaktpersonar i kommunane.

Vertskommune:

Rådmann Radøy  
Jarle Landås  
Mob. 40228215  
Email jarle.landas@radoy.kommune.no

Kommunalsjef Helse og Omsorg  
Johan Fredrik Bøschen Sandal  
Mob. 95236496  
Email johan.sandal@radoy.kommune.no

Tenesteleiari RiB  
Vibeke Angelskår Erstad  
Mob 92224599  
Email vibeke ангelskar.erstad@radoy.kommune.no  
Konst. Vidar Berge 47236079 vidar.berge@radoy.kommune.no  
Åshild Reigstad Aalvik 90204459 aashild.reigstad.alvik@radoy.kommune.no

Kommuneoverlege  
Grethe Fosse  
Mob. 90550127  
Email grethe.fosse@radoy.kommune.no

Tilsynslege  
Kari Færøy  
Mob. 90154943  
Email kari.faeroy@radoy.kommune.no

Samarbeidskommune:

Avtale ansvarleg  
Kontaktpersoner